



Stiftinga Museumssenteret i Hordaland (MuHo) er eit konsolidert museum med tre avdelingar i Salhus, på Lygra, Osterøy og Radøy; Bevaringstenestene, Norsk Trikotasjemuseum og Tekstilsenter og Nordhordlandsavdelinga der du finn Havrå, Lyngheisenteret, Osterøy museum/Kulturverntenesta i Nordhordland og Vestnorsk Utvandringssenter. MuHo er ein kultur- og naturhistorisk museumsorganisasjon som driv bevaring, forskning, undervisning og formidling om kultur- og naturhistorie frå fortid til samtid, knytt til kulturlandskapa, busettings- og bygningshistorie, nærings- og industriutvikling, sosialhistorie, samferdsle, migrasjon og kulturmøteproblematikk i fortid og notid. Museumssenteret i Hordaland utfører også tenester innan samlingsforvaltning for musea i Hordaland.

Museumssenteret i Hordaland søker:

Vaktmeister

1 års vikariat frå 01.05.2018, men med mogelegheit for forlenging med inntil 1 år. Vikariatet er 60% av heil stilling, men med rom for å utvida stillinga i periodar og etter behov, særleg i sommarhalvåret.

Stillinga har Osterøy museum som arbeidsplass, men det vil òg vera aktuelt å arbeida på dei andre musea i avdelinga i samarbeid med dei andre handverkarane.

OM har ansvar for antikvariske bygg og moderne museumsbygg med magasin. Museet, som er ein arkivinstitusjon og eit folkemuseum, har fokus på handverk og småindustri og dette viser att i samlingane på museet.

Arbeidsoppgåver:

- maling og enkelt vedlikehald av bygningane på museet og museumsområdet
- tilsyn med teknisk anlegg, m.a. branntilsyn, sikring og tilrettelegging for sprinkling
- ta del i anna arbeid på avdelinga, m.a. utstillingsarbeid, rydding og liknande
- ta aktiv del i MuHo si faggruppe for teknisk drift og sikring

Kvalifikasjonar:

- fagbrev innanfor relevante fagområde eller tilsvarande
- vi søker ein allsidig person med praktiske kunnskapar og erfaring frå maling og enkelt vedlikehaldsarbeid

I tillegg må søkerane:

- har evne til å arbeida både sjølvstendig og i samarbeid med andre, ha godt humør og lika nye utfordringar
- vera serviceinnstilt og leggja tilhøva til rette for besøkande på best mogleg måte

Vi tilbyr:

- gode arbeidsvilkår og godt arbeidsmiljø
- løn etter avtale
- offentlig pensjonsordning gjennom KLP

Nærare opplysningar om stillinga kan ein få ved å venda seg til:

Fagleg leiar på Osterøy museum Solveig Jordal, tlf. 941 72 250

Direktør/avdelingsleiar Atle Ove Martinussen, tlf 903 68 990

Opplysningar om Museumssenteret i Hordaland og dei ulike avdelingane finn du også på <http://www.muho.no>. Det skal nyttast fastsett søknadsskjema m/CV. Du finn søknadsskjemaet på www.muho.no eller ved å venda deg til Museumssenteret i Hordaland, tlf. 55 25 18 02 /976 01 366.

Søknadsfrist: 27. februar 2018